Pensjonstrygda for sjømenn

Postadresse: Postboks 8143 Dep, 0033 Oslo
Kontoradresse: Københavngt. 10
Telefon: 22 35 89 00 **Telefaks:** 22 35 89 99/
E-post: post@pts.no **Internett:** www.pts.no

Auka satsar frå 1. mai 2007

IB 712, 14.6.2007

1. Auka pensjonssatsar frå 1. mai 2007

Stortinget vedtok 14.6.2007 å auke grunnbeløpet (G) i folketrygda frå 1.5.2007 frå kr 62 892 til kr 66 812, dvs. med ca. 6,23 %.

Ordinære sjømannspensjonar (alderspensjonar) og krigsfartstillegg aukar i takt med grunnbeløpet (G).

Årleg pensjon pr. fartsmånad etter dei nye pensjonssatsane frå 1.5.2007:

Ytingar		kr
Alderspensjon før 67 år*		
Fartstid som	overordna	607,99
”	underordna etter 30.4.93	507,78
”	underordna før 1.5.93	434,28
Krigsfartstillegg i alderspensjon		
Fartstid som	overordna	815,11
”	underordna	581,27
Krigsfartstillegg i enkepensjon		
”	overordna	489,07
”	underordna	348,76

* Gjeld tilfelle der pensjonisten ikkje får utbetalt uførepensjon, førebels uførestønad, tidsbegrensa uførestønad, rehabiliteringspengar eller attføringspengar frå folketrygda eller avtalefest pensjon (AFP).

2. Auka dagsatsar for arbeidstakaravgift av sjukepengar m.v.

Stortingsvedtaket fører til fylgjande nye dagsatsar for arbeidstakaravgift av sjukepengar m.v. frå 1.5.2007:

Arbeidstakaravgift av sjukepenger	kr
overordna (gr. 1)	36,08
underordna (gr. 2)	28,06

Desse nye satsane skal nyttast frå og med fyrste aktuelle avgiftstermin. Avgift som blir trekt i kvar einskild termin, skal avrundast til næraste heile krone.

3. Omrekninga med auka pensjonssatsar

Omrekninga av dei aktuelle pensjonane blir i hovudsaka gjennomførd til pensjonsutbetalinga i august 2007 med etterbetaling for månadene mai, juni og juli. Auka grunnbeløp i folketrygda og auka pensjonar frå andre offentlege pensjonsordningar frå 1.5.2007 fører til ny samordningsutrekning av ei rekkje sjømannspensjonar. Desse omrekningane blir og i hovudsaka gjennomførde til utbetalinga i august 2007.

Pensjonstrygda for sjømenn sender månadleg melding (EDB-register) om pensjonsbeløp som skal utbetalast i vedkomande utbetalingsmånad, direkte til driftsavdelinga i NAV som syter for maskinelt ajourhold for NAV lokalt. Til augustutbetalinga får NAV lokalt dessutan melding i form av særskilde omrekningslister.

Vi minner elles om at NAV lokalt har plikt til å gje Pensjonstrygda melding om adresseendring og dødsfall og innvilga ytingar frå andra pensjonsordningar, jf. "Forskrift om registrering og utveksling av opplysninger (meldesystem) for å gjennomføre bestemmelsene i samordningsloven m.v.", fastsett av Sosialdepartementet 6. juli 2000. Meldinga må gis i systemet for utveksling av samordningsopplysninger med NAV som Pensjonstrygda blei knytta til i mai 2003.

Pensjonssatsane i dette rundskriv trer i staden for satsane i Pensjonstrygdas rundskriv IB 707 av 15. juni 2006.

Ove Vasbotten
direktør

Tor-Gunnar Slåttøy